

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		02.03.2021

---

## Kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland

Forslag til vedtak

Rådet vedtek å gi uttale med innspel til kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland

### Samandrag

Det er utarbeida eit førsteutkast til kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor. Rådet vert no oppmoda til å komme med innspel til førsteutkastet.

Bertil Søfteland  
seksjonsleiar

Lotte Karoline Lynngård  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Førsteutkast - Kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland
- 2 Rapport spørjeundersøking, frivillig sektor Vestland 2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møtet i fylkeseldrerådet i april i fjor hadde Åge Avedal ein presentasjon om arbeidet med frivillig kulturliv/frivilligpolitikk for Vestland på tvers av sektorar - i samarbeid med Frivillighet Norge i 2020.

Det er nå utarbeida eit førsteutkast til kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor. Frivilliggruppa som jobbar med dette ønsker nå innspel til utkastet. Leiar for faggruppa, Åge Avedal, vil delta i rådsmøtet for å orientere om arbeidet

Frist for innspel er 5. mars.

Det frivillige arbeidet i Vestland er stort og famnar mange ulike område og sektorar. I innleiinga av førsteutkastet går det mellom anna fram:

«Frivilligheita i Vestland er stor og mangfaldig og fremjar deltaking, engasjement, inkludering, folkehelse, lokalsamfunnsutvikling, velferd og demokrati. Vestland fylkeskommune sitt mål er ein aktiv frivillig sektor lokalt og regionalt.

Skal vi løfte og fremje frivilligheita i Vestland treng vi kunnskap og handling. Derfor har Vestland fylkeskommune laga dette kunnskapsgrunnlaget om frivillig sektor i Vestland.

Kunnskapsgrunnlaget vil vi bruke i arbeidet med å utvikle ein frivilligpolitisk strategi for Vestland.»

Gruppa ønsker å legge førsteutkastet til kunnskapsgrunnlaget for frivillig sektor fram for medverknadsorgana for at dei kan komme med innspel.»

Førsteutkastet er vedlagt. Vedlagt er òg rapport frå spørjeundersøkinga blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland, som vart gjennomført i desember 2020, og som kan takast til orientering.

### Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet kan gi råd i saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre, jf. reglement for folkevalde organ og delegering, punkt 2, «Oppgåver»

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Frivilligkeit fremjar folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Kunnskapsgrunnlaget skal nyttast i arbeidet med å utvikle ein frivilligpolitisk strategi for Vestland.

### Konklusjon

Rådet kjem med innspel til førsteutkast til kunnskapsgrunnlag og strategi i frivillig sektor.